

Fjågesund Posten

Nr. 1 februar 2025



MORO-KVELD!

Fredag 31. januar kl. 18.00

for alle på grendehuset.

Kanonball. Det blir sal av heimelaga pizza, brus og kaffe. Det er også mogleg å site i gangen og bare prate. Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr. Fjågesund IL



FILMKVELD

Livet i Fjågesund og Bergsto før i tida av Hans Fredrik Dale er så populær og etterspurd at det blir ei ny framsyning

sondag 2. februar kl. 17.00.

Inngangspengar: vaksen 100kr, barn under 16 år 50kr. Sal av kaffe, brus og kake.

Påmelding til:

Trond Fjågesund 970 98 894

Sverre Øigarden 958 79 894.



GANGETUR FOR ALLE!

Torsdag 6. februar kl. 17.30

Start frå grendehusplassen. Hugs refleks!

Væratterhald.

Arr. Fjågesund IL.

ÅRSMØTE

**Fjågesund Idrettslag tysdag 25. februar
kl. 18.30 på grendehuset**

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val av styre og verv
- Medlemskontingent
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.

ÅRSMØTE

**Fjågesund grendehuslag torsdag 27. februar
kl. 18.30 på grendehuset**

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.



TI - TOPPAR I KVITSEID

I 2025 har vi 15 toppar fordelt på heile kommunen frå 1. januar til 9. september. Premiering for 10 ulike toppar for vaksne, og 5 ulike toppar for born. I tillegg vil vi trekke to gavekort på kr. 1.000,- blant dei som har fullført toppane. Du kan registrere turen din på skjemaet som du finn i brosjyra. Det blir lagt ut brosjyrar på Joker, Straand Hotel, Vrådal Turistinformasjon og Handelslaget cafe i Vrådal, Kiwi og Kviteseid Bok og Papir i Kviteseid, Morgedal Hotel og Norsk Skieventyr i Morgedal. For å delta i konkurransen, må du fylle ut skjemaet og levere innan 23. september til Kviteseid Bok og Papir. Her får du og premien.

Dette er årets toppar:

- | | |
|-----------------|---------------------|
| 1. Hægefjell | 9. Ordalsåta |
| 2. Roholtfjell | 10. Kastedalsskotet |
| 3. Venelifjell | 11. Valskorfjellet |
| 4. Fagerliheii | 12. Høgås |
| 5. Anås | 13. Haukstoga |
| 6. Næring | 14. Austgardsnuten |
| 7. Brokefjell | 15. Skardstøynetten |
| 8. Kongsbergdam | |

HJARTESTARTAR

Me har inngått ei leigeavtale med firmaet "Folkestartaren". Det kostar kr. 380,- pr. mnd. Vedlikehald av ♥startaren er inkludert i prisen. ♥startaren finn du hjå Trond og Aud Turid Fjågesund i baksteburet midt i tunet deira. Der er lapp på døra utvendig og der er det ulåst og varme heile året. ♥startaren heng på veggen rett innanfor døra.




**Hugs alltid om uhellet er ute, ring 113 fyrst!!
Sørg for frie luftvegar viss personen ikkje pustar, kjenn etter puls.
Bruk hjarte- og lungeredning!!**

Leigeavtala gjev også eit gratis:

FYRSTEHJELPSKURS

laurdag 1. mars kl. 13.00 på grendehuset
Det kjem instruktør frå "Folkestartaren".



KNARREN LØYPELAG

I slutten av 2024 investerte løypelaget i ny maskin. Den førre maskina hadde løypelaget i 10 år, og den blei selt til Ytterøy IL i Trøndelag i haust.

I vår fekk med greie på at Skade IL skulle selje si maskin. Ein Pisten Bully 100, 2012 modell, men som ikkje hadde meir enn litt over 1000 brukstimar.

Med ein god eigenkapital, inkludert salet av den gamle maskina, klarte løypelaget å betale 960.000 kr. Eit midlertidig lån i Drangedal Sparebank er nå innfridd, og løypelaget er gjeldfri etter handelen.

Mange søknadar blei sendt i samband med investeringa, og laget ser optimistisk på driftinga inneverande sesong.



Fjågesund IL og IL Tørn hjelpte òg til med ein ekstra kostnad knytt til AdBlue systemet. 10.000 kr kvar for dette. Slik sett har heile maskina kosta laget 980.000 kr. Eit stort løft for eit lite lag!

Me takkar alle som har vore med på ulike måtar og fått dette prosjektet i hamn.

KVENNÅI KRAFTVERK



Tveito Maskin jobbar for fullt med rørgata, og her ser dykk eit foto damanlegget i januar. Dette vert spanande!